

## Rundskriv

Fjellstyrå  
Statskog SF  
Norges fjellstyresamband  
Statens landbruksforvaltning

Nr.  
M-4/2009  
[www.regjeringen.no/lmd](http://www.regjeringen.no/lmd)

Vår ref  
200601576

Dato  
28. august 2009

### **Om forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane**

Ved kgl.res. av 22. juni 1984 blei det med heimel i lov av 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova) § 38 fastsett forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning. Forskrifta er endra fleire gonger; 1 november 1985 nr. 1899, 6 oktober 1989 nr. 1033, 4. april 2000 nr. 346, 14. desember 2000 nr. 1296, 27. mars 2007 nr. 358 og no seinast 26. august 2009. Landbruks- og matdepartementet sender med dette ut eit nytt rundskriv om praktiseringa av føresegne i forskrifta.

#### *Revisjonen 2007*

Ved revisjonen i mars 2007 blei det gjort endring i omgrep i tidlegare § 4 ved at "seterbrukaren" blei endra til "garden setra ligg til". Tidlegare § 6, tredje ledd blei oppheva, fordi skogbrukslova frå 1965 blei erstattat av ny skogbrukslov utan at § 50 i lova frå 1965 blei erstattat. Tidlegare § 14 blei endra slik at både Statskog SF og fjellstyret skal samtykkje til utviding av seterhus eller oppsetjing av nytt seterhus på seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri. I tidlegare § 22 blei det teke inn ei språkleg endring ved at "det formålet dei tidlegare har tent" er erstattat med "seterformål". Ved dette samsvarer føresegna betre med det som er sagt i kommentarane om utvising av seter.

I tillegg til endringane i sjølve forskrifta blei det lagt opp til viktige endringar i praktisering av føresegne. Det blei mellom anna lempa på kravet til mjølkeproduksjon på setra når det blir utvist seter. Vidare skal det kunne bli utvist seter der det ligg til rette for ein kombinasjon av jordbruksmessig og småskala turistmessig utnytting av setrene i statsallmenningane. Dette inneber at ved vurdering av utvising av seter skal det òg leggjast vekt på andre omsyn, slik som ein kombinasjon av aktivitetar som krev husvære, inkludert småskala turistmessig utnytting av seter i form av utleigehusvære, servering med vidare. Det blei òg lagt opp til at det normalt bør bli gitt løyve til ombygging/ominnreiing av bygningar det ikkje lenger er behov for til seterformål, slik at desse kan tene hovudbruket på anna vis.

## *Revisjonen 2009*

Landbruks- og matdepartementet sette i 2006 ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere omgrepene ”tida og tilhøva” i fjellova, og gi råd om forståing av bruksrettane i statsallmenning. Som eit ledd i oppfølginga av denne arbeidsgruppa har departementet no endra enkelte føresegner i seterforskrifta. Det er òg gjort endringar i merknadene til føresegnene.

Det er ved denne revisjonen mellom anna gjort endringar i forskrifter knytt til utvisning av areal til kultivering som beite, utvisning av areal til gjødselkum og oppføring av gjeterbu. Det er vidare lagt til grunn at fjellstyret har ei plikt til, ved vedtak, å ta stilling til om retten til utvist seter er falt bort og melde dette til Statskog SF.

Merknadene til føresegnene er viktige retningsliner for praktisering av forskrifta. Merknadene gir no mellom anna ei nærmere omtale av praksis for utvisning av tilleggsjord og utnyttinga av vasskraft i statsallmenning. Departementet har som tidlegare lagt til grunn at dette ikkje er bruksrettar slik lovgjevinga no er, men departementet meiner at fjellstyra og Statskog SF skal ha klare retningsliner for behandlinga av søknader frå jordbrukarar med allmenningsrett som har behov for tilleggsjord og eigenprodusert straum på setra. Tidlegare har det vore Statskog SF som har gjort vedtak om utvisning av tilleggsjord. Det er no lagt opp til at det er fjellstyret som skal gjere vedtak i slike saker.

Fleirtalet i arbeidsgruppa departementet sette ned, og fleire av dei som har gitt uttale i høyringa, meiner at utnytting av vasskraft og utvisning av tilleggsjord må kunne rekna som bruksrettar. Dei meiner dette ligg i omgrepet ”tida og tilhøva”, og at fjellova ikkje er til hinder for ei slik forståing. Departementet meiner fjellova er klar når det gjeld vasskraft, og ser ikkje grunn til å vurdere dette vidare. I merknadene i rundskrivet til § 25 har departementet likevel gitt nærmare retningsliner når det gjeld søknader om småskala utnytting av vasskraft i samband med drift av seter og drifta av eigedom med allmenningsrett. Når det gjeld tilleggsjord har departementet innhenta ei uttale frå ein tingsrettsforskar ved Juridisk fakultet, Universitetet i Oslo, som konkluderer med at det no ikkje vil vere forsvarleg å fastsetje at utvisning av tilleggsjord er ein bruksrett utan først å konsultere Stortinget. Det er mellom anna vist til at heimelen i fjellova ikkje er klar nok, og at det ikkje er i tråd med den praksis vi har hatt i mange år og som Stortinget har fått opplyst om ved fleire høve. Departementet vil komme tilbake til dette seinare.

I høve til tidlegare regelverk har departementet gjort ein språkleg gjennomgang og ei viss omredigering av forskrifta og merknadene.

Til seter og seterdrift er det ofte knytt viktige kulturhistoriske verdiar til drifta, driftsforma, landskapet og konkrete kulturminne som seterdrifta har skapt. Der arealet er omfatta av vern etter naturvernlova eller andre vernelover kan det vere særskilte verneføresegner som set rammer for aktivitet og bruk av arealet. Fylkesmannen skal normalt inn i slike saker før det blir gjort vedtak.

Etter fullmakt

Pål Vidar Sollie  
ekspedisjonssjef

Knut Øistad  
avdelingsdirektør

# Innhold

<b>Kapittel 1 - Innleiande føresegner.....</b>	<b>5</b>
§ 1. Formål .....	5
§ 2. Verkeområde .....	5
§ 3. Administrasjon .....	5
<b>Kapittel 2 - Beite .....</b>	<b>6</b>
§ 4. Beiterett .....	6
§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjeterbu .....	6
<b>Kapittel 3 - Seter .....</b>	<b>7</b>
§ 6. Utvising av seter.....	7
§ 7. Søknad og saksgang ved utvising av seter .....	8
§ 8. Om frist til å ta setra i bruk.....	8
§ 9. Om når seter skal reknast for å vere i bruk.....	9
<b>Kapittel 4 - Hus på utvist seter .....</b>	<b>9</b>
§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus .....	9
§ 11. Om hus på seter som ikke er i bruk og ikke er fallen i det fri .....	10
<b>Kapittel 5 - Seter fallen i det fri etter § 22 i fjellova .....</b>	<b>10</b>
§ 12. Om seter som er fallen i det fri .....	10
§ 13. Løyve til å la hus m.m. stående, bortleige m.m. på seter som er fallen i det fri.....	11
§ 14. Tinglysing av rett til å ha hus stående på seter som er fallen i det fri .....	11
§ 15. Nybygging og ombygging av hus på seter som er fallen i det fri .....	12
<b>Kapittel 6 - Bortfall av seterrett m.m. .....</b>	<b>12</b>
§ 16. Bortfall av seterrett.....	12
§ 17. Oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsformål .....	13
§ 18. Overdraging av seterhus til fritidsformål .....	13
<b>Kapittel 7 - Utvising og utleige av tilleggsjord .....</b>	<b>13</b>
§ 19. Om planar for utvising og utleige av tilleggsjord.....	13
§ 20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming .....	14
§ 21. Leige av jord for jordbrukar utan beiterett .....	14
§ 22. Vederlag for utvising av tilleggsjord .....	15
§ 23. Om frist til å ta tilleggsjord i bruk .....	15
<b>Kapittel 8 - Hus og anlegg.....</b>	<b>16</b>
§ 24. Endring og ominnreiing av eksisterande hus .....	16
§ 25. Oppføring av nye hus og anlegg m.m. .....	16
<b>Kapittel 9 - Sakshandsaming, tvist og klage.....</b>	<b>17</b>
§ 26. Sakshandsaming i fjellstyret.....	17
§ 27. Tvistesaker og skjøn ved seterutvising.....	18
§ 28. Tvistesaker og skjøn ved utvising av tilleggsjord .....	18

§ 29. Klage ved utvising av tilleggsjord.....	19
§ 30. Klage på enkeltvedtak gjort av Statskog SF.....	19
§ 31. Innhenting av fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt.....	19
<b>Kapittel 10 - Avsluttande føresegner .....</b>	<b>19</b>
§ 32. Endring av forskrifter .....	19
§ 33. Dispensasjon.....	19
§ 34. Iverksetjing .....	20
<b>Vedlegg. Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning .....</b>	<b>21</b>

# **Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning - føresegner i forskrifta og departementet sine merknader om praktisering av forskrifta.**

## **Kapittel 1 - Innleiande føresegner**

### **§ 1. Formål**

Denne forskrifta har til formål å gi nærmere føresegner for utøving av jordbruksstilknytte bruksrettar og ressursutnyttinga elles i statsallmenningane. Ved praktiseringa av forskrifta skal det leggjast til grunn ein rasjonell bruk av ressursane i statsallmenningane, slik det er naturleg etter tida og tilhøva.

### **§ 2. Verkeområde**

Denne forskrifta gjeld i statsallmenningar som fell inn under § 1 i fjellova.

Rettar i statsallmenningane i kraft av særleg heimel går ikkje inn under denne forskrifta. Det gjeld òg retten til samisk reindrift, jf. føresegner i lov om reindrift (reindriftslova) av 15. juni 2007 nr. 40.

### **§ 3. Administrasjon**

Fjellstyra skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenning slik det følgjer av fjellova og denne forskrifta. Dei skal arbeide for å sikre at allmenningen blir brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftslivsinteressene, jf. § 3 andre ledd i fjellova.

Om ein søknad om beite, seter eller tilleggsjord m.m. gjeld område i statsallmenning med produktiv skog skal allmenningstyret alltid vere gitt høve til å uttale seg.

Iverksetjing av grunndisponeringstiltak, under dette tiltak som gjeld vassdrag, kan berre skje etter løyve frå departementet eller den departementet gir fullmakt, jf. § 12 i fjellova og forskrift fastsett 1. juli 1975 om delegasjon av myndigkeit etter fjellova.

#### **Departementet sine merknader til §§ 1, 2 og 3**

Det er eit overordna utgangspunkt i lovgivinga om statsallmenningar at bruksrett som er knytt til ein eigedom berre kan utnyttast så langt det skjer i tilknyting til drifta av eigedomen som jordbruksstilknytte. Vidare er utnyttinga avhengig av at det er tilgjengelege ressursar i allmenningen, og at den enkelte utnytting ikkje går utover rettar som dei andre med bruksrett har. Det er viktig at fjellstyra og Statskog SF tar omsyn til samisk reindrift i dei områda det har vore slik utnytting frå gamalt av. I område med produktiv skog skal allmenningstyra alltid få høve til å uttale seg på vegne av dei som har virkesrett. Fjellstyra og Statskog SF skal òg ta dei nødvendige omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar, friluftsverdiar og kulturverdiar knytt til jord, skog og utmark.

## **Kapittel 2 - Beite**

### **§ 4. Beiterett**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning har rett til å beite med så stor buskap han kan vinterfø på eigedomen, jf. § 15 første ledd i fjellova. Fjellstyret kan godkjenne at det blir beita med større buskap enn dette, når det kan skje utan skade for andre som har bruksrett, jf. § 15 andre ledd i fjellova.

### **§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærmere vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelige vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde sokjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegndene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

#### **Departementet sine merknader til § 5**

Fjellstyret tek avgjerd om beitebruk, jf. § 16 i fjellova. Utvising av areal til inngjerding og ein stad for oppføring av gjetarbu er bruksrettar om det er nødvendig å halde meir kontroll med dyra, til dømes på grunn av rovdyr.

Spørsmål om inngjerding av beite er ei grunndisponering der Statskog SF tek avgjerd, jf. § 12 i fjellova. Bruksrettshavar skal fremje søknad om inngjerding for fjellstyret. Fjellstyret vurderer søknaden og gir tilråding til Statskog SF. Statskog SF kan i samråd med fjellstyret fastsetje vilkår for løyve, til dømes standardvilkår eller særlige vilkår i det enkelte tilfelle. Dei nærmere reguleringane av løyve og vilkåra skal gå fram av avtale mellom Statskog SF og den eller dei som har beiterett.

Kultivering og eventuell inngjerding for beitebruk er ikkje omfatta av forskrift om nydyrkning av 2. mai 1997 nr. 0423. Kommunen si rolle i slike saker blir å gi rettleiande fråsegn til søkeren. Fråsegnene bør dreie seg om dei same forholda som § 5 i nydyrkingsforskrifta omtaler, nemleg om innverknader tiltaket kan ha på natur- og kulturlandskapsverdiane, om det er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget for søkeren si driftseining, og om det blir lagt opp til gode løysingar for drift.

For å oppnå gode løysingar samla sett bør fjellstyra og Statskog SF leggje til rette for at utvisingar om mulig kan tene til bruk for fleire med bruksrett, til dømes organiserte beite- og gjetarlag.

Tiltak etter denne føresegna kan òg vere melde- eller sokjepliktig etter plan- og bygningslova.

Når inngjerda beite eller gjetarbu ikkje lenger er i bruk bør arealet eller bua normalt bli overført til ein annan med bruksrett, eller alternativt fjerna. Det er ikkje aktuelt med løyve etter § 13 i forskrifta når det gjeld gjetarbu, fordi dette skal vere enkle bygg som må kunne bli forlanga fjerna når det ikkje lenger er behov for dei. Det kan likevel vere slik at andre enn den eller dei som har fått lov til å føre opp bua har eit behov. Fjellstyret bør, på same vis som for seter, først undersøke om det er andre med bruksrett som har behov for gjetarbu.

Til utvisingsforretninga skal fjellstyret nytte skjema utforma av Statskog SF. Statskog SF skal rekvirere kartforretning om det er nødvendig.

## Kapittel 3 - Seter

### § 6. Utvising av seter

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst seter til drift av eigedomen, kan få utvist seter anten aleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. § 18 første ledd og § 21 andre ledd i fjellova. Dette gjeld òg for utviding av seter.

Det er eit krav at behovet for seter blir dokumentert. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

#### Departementet sine merknader til § 6

Spørsmålet om utvising av seter blir avgjort av fjellstyret, jf. § 7 i forskrifta. Tidlegare blei det stilt krav om mjølkeproduksjon som grunnlag for utvising av seter. Det har normalt òg blitt stilt krav om at lokale landbruksstyresmakter har tilrådd søknaden. Departementet legg til grunn at fjellstyret nå òg bør kunne utvise seter til formål som går ut over mjølkeproduksjon. Eksempel på dette kan vere beiting av ungkyr, kyr for kjøtproduksjon eller ammekyr. Det kan òg vere utvising til ei driftsform der det blir teke sikte på ein kombinasjon av tradisjonell seterdrift og småskala turistmessig verksemnd på setra.

Fjellstyra skal vurdere formålet med utvisinga opp mot det jordbruksmessige behov eigedomen har, og "tida og tilhøva" sett i samanheng med situasjonen i det aktuelle bygdelaget. Utgangspunktet for fjellstyra sine vurderingar må vere om den som har bruksrett har eit reelt behov for seter. Ved handsaminga av søknader bør fjellstyra mellom anna legge vekt på følgjande moment:

- Verksemda må vere ein integrert del av hovuddrifta på jordbrukseigedom til den med bruksrett, og støtte opp om drifta av denne.
- Den planlagde etableringa må ta omsyn til lokale tradisjonar når det gjeld næring, landskapsbruk, byggeskikk og omsyn til eksisterande natur- og kulturmiljø. Ein skal òg leggje vekt på om etableringa sikrar levande setre og ei seterkultur for framtidia.
- Etablering av ny seter må ikkje vere til fortrengsel for eller til vesentleg skade for eksisterande bruksrettsutøving, under dette reindrifta si bruk.
- Søkjaren sine planar skal innebere dyrehald i allmenningen sommartid, og at nokon jamleg er til stades på setra i denne tida.
- Verksemda må framstå som ei rasjonell bruksform, og planane for verksemda må bli vurderte som tenlege og levedyktige av lokale landbruksstyresmakter.
- Verksemda må fordre ein viss bygningsmasse med driftsbygningar og husvære.

Tilsvarande vurderingar vil gjere seg gjeldande ved utvising av seter fallen i det fri til ein ny seterbrukar, jf. § 12 i forskrifta.

Fjellstyra skal sjå til at det ikkje blir utvist seter til nokon som tek sikte på å etablere reine fritidshusvære i statsallmenningane.

Behov for husvære for tilsyn med beitedyr, slepp om våren og samling om hausten, er allein ikkje grunnlag for å få utvist seter. Om brukaren har slike behov må han frende ein søknad etter § 5 i forskriftena. Når det gjeld omdisponering av eksisterande husvære til nye bruksformer viser departementet til § 24 i forskriftena, og merknadene til denne.

Søknader om utviding av seter skal også handsamast etter denne føresegna.

## **§ 7. Søknad og saksgang ved utvising av seter**

Søknad om utvising av seter skal sendast til fjellstyret, som gjer vedtak. Før fjellstyret gjer vedtak, skal saka leggjast fram for Statskog SF og regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

Spørsmål om utvising av seter i område med produktiv skog blir avgjort av fjellstyret og allmenningsstyret i fellesskap. Blir dei to styra ikkje samde, gjeld føresegnene i § 9 i fjellova.

Gjeld det utvising av seter i område som er reinbeiteområde etter vedtak i medhald av lov om reindrift (reindriftsloven) av 15. juni 2007, § 5, jf. §§ 4 og 8, skal søknaden leggjast fram for områdestyra til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til seterbrukaren om utvisinga.

Statskog SF skal ha kopi av det endelige vedtaket og dokument til seterbrukar.

### **Departementet sine merknader til § 7**

Statskog SF og regional kulturminnestyresmakt skal få høve til å uttale seg om alle søknader om utvising av seter.

Seterutvisinga omfattar rett til å drive seter i tråd med utvisinga, tomt til nødvendige hus og eit avgrensa areal til setervoll som ikkje bør vere større enn 5-10 dekar, om ikkje særlege forhold eller lokale tradisjonar tilseier noko anna. Areal ut over dette må fjellstyret handsame etter føresegnene i § 20.

Ved utvising av seter skal fjellstyret nytte skjema utforma av Statskog SF. Statskog SF skal rekvirere kartforretning om det er nødvendig.

## **§ 8. Om frist til å ta setra i bruk**

Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jf. § 18 femte ledd i fjellova. Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret sjå til at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadene for utvisinga. Om det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret ved vedtak ta stilling til om retten er falt bort, og gi melding til Statskog SF.

I si melding til Statskog SF må fjellstyret gi sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal førast over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd, eller § 21 første ledd i fjellova. Fjellstyret skal i slike saker innhente fråsegn fra regional kulturminnestyresmakt.

Statskog SF kan påleggje seterbrukaren å fjerne eventuelle hus, om ikkje utvisinga blir ført over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd eller § 21 første ledd i fjellova, og den nye brukaren tek over husa.

Ved overføring av utvist seter, gjeld føresegnene i første, andre og tredje ledd tilsvarende.

### **Departementet sine merknader til § 8**

Når 5-årsfristen er ute, skal fjellstyret sjå til at setra er teken i bruk. Fjellstyret skal ved vedtak ta stilling til om retten er falt bort og gi melding til Statskog SF. Om fjellstyret finn at setra ikkje er teken i bruk, må fjellstyret melde frå til Statskog SF og samtidig gi ei fråsegn til Statskog SF om kva som skal skje med det utviste arealet, det vil seie om utvisinga skal overførast til ein eigedom med beiterett eller om den skal overførast til ein eigedom utan beiterett, eller om setra skal førast tilbake til allmenningen. Dersom det utviste blir ført tilbake til allmenningen kan Statskog SF påleggje den som fekk arealet utvist til seterformål å fjerne eventuelle hus. I dei tilfella der det er Statskog SF som oppdagar at ei seter ikkje er teken i bruk, skal Statskog SF varsle fjellstyret som så skal følgje opp saka. Det er fjellstyret

sitt vedtak som fører til at utvisinga fell bort. Dette vedtaket kan bli klaga over til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 i forskrifa.

Kva som ligg i at ei seter er "teken i bruk" må avgjerast i kvart enkelt tilfelle. Utgangspunktet må vere at den aktuelle bruken er i samsvar med det formålet som det er utvist seter til, og andre føresetnader som blei fastsett ved utvisinga, jf. merknadene til § 6 i forskrifa.

Kravet til bruk må òg reknast for å vere tilfredsstilt om seterbrukaren, innan fristen er ute, har gjort tiltak med siktet på å setje opp bygningar til seterformål, og følgjer opp i tråd med den planlagde drifta.

§ 8 tredje ledd i forskrifa gir Statskog SF heimel til å krevje eventuelle hus fjerna. Det er ikkje aktuelt å forlange husa fjerna om det blir vedeke å overføre setra til ein annen jordbrukar og denne overtar husa. Departementet presiserer at den nye seterbrukaren ikkje er pliktig til å overtara husa. Statskog SF skal setje ein frist for eigaren til å treffen avtale med den nye seterbrukaren om overføring av husa. For klage gjeld § 30 i forskrifa.

## **§ 9. Om når seter skal reknast for å vere i bruk**

Blir setervollen hausta eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedomen som setra ligg til, vil setra vere "i bruk" i høve til § 22 i fjellova.

### **Departementet sine merknader til § 9**

Det framgår av § 2 i fjellova at rett som er knytt til ein jordbruksseigedom berre kan utnyttast så langt det skjer i tilknyting til jordbruksdrifta på eigedomen. § 9 i forskrifa gir nærmere eksempel på kva som skal til for at ei seter skal reknast for å vere i bruk etter regelen om opphør i § 22 i fjellova.

Det er ikkje nødvendig med seterbruk i tradisjonell forstand i form av mjølkeproduksjon, men setra må tene den jordbruksmessige utnyttinga av eigedommen. For seter der det blir drive turisme i liten skala legg departementet til grunn at seterbrukaren som eit minimum bør haustet setervollen eller ha han inngjerda og nytte han som beite.

For at ei seter skal reknast for å vere i bruk, må bruken skje ut frå den eigedommen som setra høyrer til. Bortleige av seter for kortare periodar, inntil 10 år, er tillate, men vilkår om at setra skal vere "i bruk" frå eigedomen der den høyrer til vil da ikkje vere til stades. Bortleige av setra kan vere ein indikasjon på at vedkomande jordbruksseigedom ikkje lenger treng setra. Setra skal ikkje kunne bli "halden i hevd" ved å dra nytte av andre med bruksrett.

Fjellstyret skal føre jamleg kontroll av om utviste setre er i bruk. Slik kontroll skal skje minst kvart 10. år, og Statskog SF skal ha ein dokumentasjon på at dette er gjort for oppdatering av seterregisteret.

## **Kapittel 4 - Hus på utvist seter**

### **§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus**

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

### **Departementet sine merknader til § 10**

Fjellstyret skal ut frå utvisinga gjere ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle av kva som er nødvendig og rasjonelt med omsyn til bygningar og tekniske anlegg. Dette gjeld for bygningar til meir tradisjonelle seterformål, og for bygningar tiltenkt ei småskala turistmessig satsing som er omtalt i merknadene til § 6 i forskrifta. Før fjellstyret gjer vedtak, skal saka leggjast fram for Statskog SF til fråsegn. Statskog SF skal ha kopi av fjellstyret sitt vedtak.

Generelt er det både for nybygg og endringar av eksisterande bygg eit vilkår at bygningane følgjer lokale setertradisjonar og er tilpassa kulturlandskapet sin eigenart. Oppføring, utviding og endring av hus kan vere tiltak som òg er melde- eller sokjepliktig etter plan- og bygningslova. Fjellstyret bør i si handsaming ta atterhald om godkjenning frå kommunale styresmakter.

Om fjellstyret finn det aktuelt å gi løyve til eller eventuelt stille vilkår om endring eller utviding av eksisterande bygningar, eller krevje bygningar fjerna, og eit slikt løyve vil påverke eksisterande kulturmiljø, skal fjellstyret innhente fråsegn frå kulturminnestyremaktene.

Fjellstyret skal føre tilsyn med all bygging på setrene, kontrollere at denne går føre seg i samsvar med føresetnader fjellstyret har fastsett i godkjente planer, gjere vedtak når det er bygd i strid med fjellstyret sitt løyve eller vilkår ikkje er følt, og setje vedtaka ut i livet.

Fjellstyret sitt vedtak i saker om bygging på utvist seter er enkeltvedtak, og kan bli klaga over til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 i forskrifta. Det er høve til å klage over sjølve vedtaket eller berre over dei vilkåra som er stilte.

Søknader om ombygging og endring av uthus som det ikkje lenger er aktuelt å bruke i samband med seterdrifta, og som ikkje lenger tener den jordbruksmessige aktivitetan, skal handsamast etter § 24 i forskrifta. Fjellstyret vil såleis i samband med si saksbehandling måtte ta stilling til kva for føresegns som skal brukast. Om Statskog SF er ueinig med fjellstyret i at saka hører inn under § 10 i forskrifta vil fjellstyret sitt vedtak kunne bli klaga over til Statens landbruksforvaltning.

### **§ 11. Om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje er fallen i det fri**

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarende.

Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegns i § 10 i denne forskrifta.

### **Departementet sine merknader til § 11**

Etter fjellova fell ikkje retten til seter bort før den i 20 samanhengande år har vore ute av bruk som seter. Hendelege avbrot i setringa skal ikkje føre til at retten går tapt. Likevel må seterbrukaren ha ein rett til å vedlikehalde husa, så lenge setra ikkje er fallen i det fri. Om det blir behov for å setje opp, utvide eller endre hus med sikt på å ta opp att seterdrifta, gjeld føresegns i § 10 i forskrifta. Det som er sagt under § 10 gjeld tilsvarende, at fjellstyret skal innhente fråsegn frå regional kulturminnestyremakt.

Søknader etter første ledd skal sendast til fjellstyret, som handsamar dei og sender dei vidare til Statskog SF, som gjer søkjaren kjent med avgjerda. Vedtak fjellstyret gjer kan pålagast til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 og § 30 i forskrifta.

## **Kapittel 5 - Seter fallen i det fri etter § 22 i fjellova**

### **§ 12. Om seter som er fallen i det fri**

Når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre skal fjellstyret gjere vedtak om at retten til setra m.m. er fallen i det fri.

Fjellstyret kan vise ut seter som er fallen i det fri etter § 22 i fjellova til eigedom i drift som treng seter.

Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

### **Departementet sine merknader til § 12**

Fjellstyret skal gjere vedtak om at setra er fallen i det fri når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre. Fjellstyret kan gjere vedtak om å utvise setra til ein annan eigedom som treng seter når bruksutøvinga i allmenningen er best tent med det. Når det gjeld dei formåla det kan bli utvist seter til viser departementet til merknadene til § 6.

Om fjellstyret går inn for å fjerne husa, må det leggje saka fram for kulturminnestyresmaktene før det blir gjort vedtak.

Det er såleis fjellstyret som avgjer om ei seter er fallen i det fri, og kva som seinare skal skje med setra. Eit slikt vedtak blir grunnlaget for ein eventuell klage.

## **§ 13. Løyve til å la hus m.m. ståande, bortleige m.m. på seter som er fallen i det fri**

Blir seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til ein annan eigedom med bruksrett, kan Statskog SF gi seterbrukaren løyve i inntil 10 år av gangen til å ha hus eller anlegg stående utan vederlag til bruk for seg og huslyden om fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under eigedomen, og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.

Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett er likestilt med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.

§ 17 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løyve etter første ledd.

Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om verken utvising eller løyve er aktuelt. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

### **Departementet sine merknader til § 13**

Føresegna om ei grense på 10 år i første ledd er ny, og vil gjelde for løyve som blir gitt etter ikraftsetjinga av endringane i forskrifta, sjå § 34. Om det ikkje er mangel på seter- og beiteområde i allmenningen, og løysinga ikkje vil vere til ulempe for bruksutøvinga, bør Statskog SF velje dette alternativet med løyve.

Også § 17 i forskrifta, om restriksjonar på endringar av bygg og krav om punktfeste, gjeld tilsvarande om seterbrukaren får løyve til å ha hus eller anlegg stående utan vederlag.

Fjellstyret avgjer om hus eller anlegg skal fjernast eller ikkje. Når vedtaket er endeleg har Statskog SF ansvaret for oppfølginga, og avgjerd knytt til dette er ikkje enkeltvedtak og kan såleis ikkje bli klaga over.

## **§ 14. Tinglysing av rett til å ha hus stående på seter som er fallen i det fri**

Får seterbrukaren ha husa ståande skriv Statskog SF ut eit eige dokument som blir tinglyst på allmenningen sitt blad i grunnboka.

Eigar av eigedomen skriv under på eit særskilt dokument som blir tinglyst på bruket sitt blad i grunnboka om at

- a. retten til å ha husa stående utan vederlag ikkje kan overdragast eller pantsetjast utan saman med eigedomen,

- b. kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett ikkje kan stiftast om ikkje retten er stifta for ei tid mindre enn 10 år utan rett for brukaren til å krevje forlenging eller fornying av kontrakten,
- c. dokumentet berre kan slettast med godkjenning frå Statskog SF.

#### **Departementet sine merknader til § 14**

Dokumentet blir utarbeidd av Statskog SF, og skal tinglysast på grunnbokssbladet til allmenningen fordi det gjeld ein rett som skal kvile på allmenningen. Dokumentet skal òg tinglysast på eigedomens sitt grunnbokssblad for å sikre at ein seinare eigar ikkje overfører retten isolert, og at retten følgjer med når eigedomens blir selt (eller pantsett). Seterbrukaren skal dekkje utgiftene ved å tinglyse erklæringa.

### **§ 15. Nybygging og ombygging av hus på seter som er fallen i det fri**

Statskog SF tek etter samråd med fjellstyret avgjerd med omsyn til løyve til nybygging/ombygging o.l.

Før Statskog SF tek avgjerd skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

#### **Departementet sine merknader til § 15**

Om ein seterbrukar har fått løyve til å ha seterhusa ståande etter § 13 i forskrifta, er det Statskog SF som skal ta stilling til, og eventuelt gi løyve til, nybygging eller ombygging og liknande. Gjeld det endring av eldre seterbygningar skal saka leggjast fram for kulturminnestyremaktene før avgjerdet blir teken. Ved løyve til ombygging/nybygg må det bli teke etterhald om eventuell godkjenning frå kommunale bygningsstyremerker.

## **Kapittel 6 - Bortfall av seterrett m.m.**

### **§ 16. Bortfall av seterrett**

Når seterretten fell bort fordi drifta på eigedommen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedommen som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- a. at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. §§ 6 og 7, eller
- b. at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om fest av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller
- c. at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

Blir setra vist ut til ein annan eigedom, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.

Før fjellstyret tek avgjerd om fjerning av hus etter første ledd bokstav c eller andre ledd, skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

#### **Departementet sine merknader til § 16**

Føresegna gir dei alternativa som ligg føre og prioriteringa mellom dei. Den tidlegare seterbrukaren sitt ønske å få festekontrakt (bokstav b), må derfor vike for den som treng seter. Om alternativ c, fjerning av seterhus blir aktuelt, skal fjellstyret sjå til at krav om fjerning blir følgt opp.

## **§ 17. Oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsformål**

Ved oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsformål, kan det takast inn særlege restriksjonar med omsyn til restaurering, utviding og endring av seterhusa når dette er nødvendig på grunn av kvaliteten på husa, plassen der dei ligg, og tilhøve til eventuell anna seter med hus og seterdrift. I slike tilfelle skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

Sjølv om festet gjeld fleire hus, skal ein nytte punktfeste (kontrakt om feste berre av grunnen huset eller husa dekkjer). Husa må vere av ein slik standard at dei kan tene formålet, og nødvendige påkostnader må stå i eit rimeleg høve til verdien av husa.

## **§ 18. Overdraging av seterhus til fritidsformål**

Om seterbrukaren overdreg seterhus til fritidsformål, må han overdra alle husa utan å halde noko attende.

Elles gjeld føresegne i tomfestelova ved overføring av festerett til seterhus.

## **Kapittel 7 - Utvising og utleige av tilleggsjord**

### **§ 19. Om planar for utvising og utleige av tilleggsjord**

Utvising eller bortleige av tilleggsjord skal i størst mogleg utstrekning skje etter planar utarbeidd for større samanhengande område, eller knytt til eksisterande seter eller tilleggsjord.

Formålet med planarbeidet skal vere å finne fram til område som kan bli omdisponert til tilleggsjord. I planarbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk av jorda som til dømes skogbruk, jakt og vilt, friluftsliv, landskapsvern, og eventuelle andre omsyn.

Statskog SF skal utarbeide planane i samarbeid med fjellstyret og kommunen, og skal legge dei fram for Fylkesmannen, regional kulturminnestyresmakt og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reindriftsområde etter reindriftslova, for fråsegn.

#### **Departementet sine merknader til § 19**

Det er viktig at utvising av tilleggsjord skjer planmessig, og forskrifa stiller derfor eit krav om at det blir utarbeidd planar for dei aktuelle områda. Kravet til planar er ikkje heilt absolutt, men blir føreset lagt til grunn for dei utvisingane som ikkje gjeld tillegg til eksisterande parseller eller til eksisterande seter.

Det er gjennom planarbeid at dei ulike omsyn kan bli veid opp mot kvarandre. Det er ønskjeleg med ei tilsvarende avveging ved sjølve utvisinga for dei tilfelle der tilleggsjord blir utvist utafor etablert planområde. Avveginga av ønskje om å få utvist areal til oppdyrkning mot anna bruk føreset at ulik bruk og ulike interesser blir involverte i planprosessen. Dei konkrete omstende kan tilseie at det er nødvendig å involvere grupper og personar ut over dei høyningsinstansane som er nemnde i siste ledd i føresegna. Under "andre omsyn" kan mellom anna omsynet til samisk reindrift i reinbeiteområda kunne veie tungt. Reindriftsnæringa bør medverke i utarbeidninga av planar for utvising av tilleggsjord i reinbeiteområda. Det er ein føresetnad at Statskog SF, som har eit særleg ansvar for planarbeidet, etablerer rutinar som sikrar at reindriftsnæringa blir teke med på råd i slike planprosessar.

Utvising utafor planområde skal berre skje i særlege tilfelle. Kommunen si medverking til planarbeidet vil normalt innebere at dei omsyna til landskapsvern og miljø som er nemnde i forskrift om nydyrkning er avklarte, jf. §§ 3 og 5 i forskrift om nydyrkning av 2. mai 1997 nr. 0423. Kommunen skal òg, etter kvart som søknader om tilleggsjord kjem inn, vurdere den enkelte søknad konkret. I dei tilfellene det blir søkt om oppdyrkning med siktet på maskinell hausting skal kommunen handsame søknadene etter forskrifa om nydyrkning. Blir det søkt om kultivering av beite skal kommunen gi fråsegn til søknaden.

## **§ 20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbete som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtger behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrkning i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrkning.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbete som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

### **Departementet sine merknader til § 20**

Departementet legg til grunn at tilleggsjord er jord som skal nyttast til produksjon av før som blir hausta og frakta bort frå arealet. Utvising av tilleggsjord er ikkje ein bruksrett. Gjeldande lovgeving både for statsallmenningane og bygdeallmenningane gir ikkje grunnlag for å slå fast at ein jordbrukar som har allmenningsrett i ein allmenning har krav på å få utvist tilleggsjord.

Det er lagt opp til at fjellstyret skal vurdere utvising av tilleggsjord. Utvising skal skje etter føresegne i kap. X i fjellova, og føresegne i kapittel 7 i seteforskrifta her. Når søknad om tilleggsjord kjem inn til fjellstyret skal fjellstyret vurdere saka opp mot dei planane som er lagde for området. Om fjellstyret finn utvising aktuell skal fjellstyret leggje saka fram for dei organa som er nemnde i andre ledd.

I dei tilfella der søknaden blir omfatta av forskrift om nydyrkning av 2. mai 1997 nr. 0423 skal kommunen avgjere søknaden etter den nemnde forskriften sine føresegner, som mellom anna inneber at regional kulturminnestyresmakt skal gi fråsegn. Om kommunen avslår søknaden etter føresegne i nydyrkingsforskrifta vil saka vere endeleg avgjord, med mindre vedtaket blir omgjort etter klage frå søkeren.

Om kommunen godkjenner nydyrkning skal fjellstyret likevel ta stilling til søknaden og fatte vedtak ut i frå eigen vurdering av saka. I denne vurderinga skal, i tillegg til kommunen sitt vedtak om godkjenning, dei fråsegner som er innhenta frå Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret for reindrifta inngå. Blir utvisinga nekta kan dette vedtaket bli klaga over til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 i forskriften. Klagen skal sendast Statskog SF, som etter nærmare vurdering skal sende saka til Statens landbruksforvaltning for endeleg handsaming av klagen.

Om det er søkt om inngjerding av arealet, tek Statskog SF avgjerd om dette.

## **§ 21. Leige av jord for jordbrukar utan beiterett**

Jordbrukar utan beiterett i statsallmenningen kan få leige jord om beiterettshavarane ikkje søker om å få jorda utvist, jf. § 21 tredje ledd første punktum i fjellova.

Søknad om utvising av leiejord til jordbrukar utan beiterett skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrkning i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrkning.

Fjellstyret gjer vedtak om utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett.

Dei nærmere vilkåra for utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett skal fastsetjast i avtale, og Statskog SF skal ha melding om vedtaket og ein kopi av avtalen.

#### **Departementet sine merknader til § 21**

Fjellstyra kan òg gjere vedtak om utleige av jord til jordbrukarar som ikkje har beiterett i statsallmenningen. Handsaminga av slike saker fylgjer dei same rutinane som for søknader om utvising av tilleggsjord til jordbrukarar som har beiterett, jf. § 20 i forskrifta.

### **§ 22. Vederlag for utvising av tilleggsjord**

Utvising av tilleggsjord til beiterettshavar skal skje utan vederlag, men gjeld utvisinga produktivt skogareal, skal beiterettshavaren yte vederlag svarande til tapt skogproduksjon. Slikt vederlag skal òg ytast ved utleige til jordbrukar utan beiterett, og kjem i tillegg til vederlag (leige) som blir fastsett for bruken, jf. § 21 fjerde ledd tredje punktum i fjellova.

Vederlaget skal ytast som årleg avgift fastsett av Statskog SF lokalt og tilkjem Statskog SF når det gjeld statsallmenningar utan fond og allmenningsfondet når det gjeld statsallmenning med fond.

Om vederlaget blir så lite at det ikkje er praktisk med deling i årlege terminar, kan det krevjast gjort opp ein gong for alle.

#### **Departementet sine merknader til § 22**

Tidlegare blei det berre betalt vederlag for produktiv barskog. I samband med mellom anna satsinga på bioenergi vil lauvskogen få ein stigande verdi, og første ledd er endra slik at det nå skal krevjast vederlag for produktivt skogareal utan omsyn til treslag.

### **§ 23. Om frist til å ta tilleggsjord i bruk**

Den som har fått utvist tilleggsjord må ta jorda i bruk innan 5 år, jf. § 19 andre ledd i fjellova. Om ikkje tilleggsjorda er teken i bruk etter 5 år fell ho automatisk tilbake til allmenningen. Fjellstyret skal gi melding til den som har fått utvist jorda, og til Statskog SF, om bortfallet av utvisinga.

#### **Departementet sine merknader til § 23**

Om jorda ikkje er teken i bruk innan 5 år fell den tilbake til allmenningen. Tilbakefall inntreff automatisk når vilkåra for utvisinga ikkje er oppfylte. Det er ikkje nødvendig å gjere vedtak om tilbakefallet skal vere gyldig.

## **Kapittel 8 - Hus og anlegg**

### **§ 24. Endring og ominnreiing av eksisterande hus**

Med godkjenning frå Statskog SF og fjellstyret kan brukaren bygge om eller ominnrei uthus til bustad eller for utleige når det ikkje er aktuelt å ta opp att bruken av husa til seterformål, og endringa av bruken ikkje vil vere ei hindring for seterdrifta på denne eller andre setre. Det skal oppretta ei særskild avtale om avgift, som Statskog SF fastset.

Uthusa er ein del av dei andre husa på setra, og kan ikkje skiljast frå.

Før Statskog SF og fjellstyret gir godkjenning etter første ledd skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

#### **Departementet sine merknader til § 24**

§ 24 gjeld dei tilfella der seterbruken ønsker å endre/ominnrei ståande hus på setra, som det ikkje lenger er behov for til seterformål. Det er krav om godkjenning frå både fjellstyret og Statskog SF. Fjellstyret og Statskog SF bør ta atterhald om godkjenning frå kommunale styresmakter.

Bygningar det ikkje lenger er behov for til seterformål bør det normalt kunne gis løyve til å ominnrei eller ombygge slik at dei kan tene hovudbruket på anna vis. Eit avslag på søknad om ombygging/ominnreiing bør i tilfelle vere grunna i eventuelle ulepper for drifta på den aktuelle setra eller andre setrar, eller i at omsyn til kulturminne tilseier at det ikkje blir gitt løyve til å gjennomføre dei.

Seterhus som det er gitt løyve til å ominnrei til fritidsformål etter denne føresegna fell i det fri etter dei same føresegnene som setre elles.

### **§ 25. Oppføring av nye hus og anlegg m.m.**

Når det er nødvendig for drift av utvist tilleggsjord eller for utøving av anna beitebruk enn setring, eller når det er gitt løyve til utnytting av andre ressursar som krev bygningsmasse, kan brukaren få føre opp, endre eller utvide hus, driftsbygningar og anlegg etter retningslinene i andre, tredje og fjerde ledd.

Fjellstyret kan gi jordbrukar som har fått utvist seter eller tilleggsjord rett til areal til gjødselkum om drifta krev det. Fjellstyret kan òg gi brukarar som samarbeider i felles drift rett til tomt til felles driftsbygning.

Statskog SF kan gi løyve til utnytting av andre ressursar enn beite og tilleggsjord, og kan gi løyve til oppføring av nødvendige hus og anlegg i samanheng med dette.

Fjellstyret og Statskog SF skal setje vilkår for bruken av hus og anlegg, fjerning ved opphør av bruk m.v.

#### **Departementet sine merknader til § 25**

Generelt

Fordi det no blir lagt opp til ei utvida forståing av seteromgrepet kan det bli større pågang enn tidlegare både for å få utvist seter og for å få oppført nye hus og anlegg på setre som er i bruk. Departementet føreset derfor at fjellstyra og Statskog SF fører kontroll med at søknadene er reelle og planane levedyktige, jf. merknadene til § 6. Ofte vil den med beiterett vere godt hjälpen med løyve til å setje opp hus i staden for seterutvising. For å hindre unødig etablering av nye setre, bør ordninga gjerast kjent lokalt. Om nødvendig bør Statskog SF ta kontakt med beitelag for å informere. På same måten bør fjellstyra engasjere seg for å setje opp hus til felles bruk når dette er aktuelt.

Føresegna er endra på bakgrunn av forslaga frå fleirtalet i den arbeidsgruppa som i 2006 vurderte omgrepet ”tida og tilhøva” i fjellova. I § 5 er det fastsett at oppføring av gjetarbu er ein bruksrett. Vidare blir det her, i § 25, fastsett at tilvising av areal til gjødselkum og tomt til felles driftsbygning er bruksrettar i ein statsallmenning når dette er nødvendig for drifta av eigedom med allmenningsrett. Det er fjellstyra som avgjer om det ligg føre ein bruksrett etter

første og andre ledd. Fjellstyret kan setje vilkår for godkjenninga, og eksempel på vilkår kan vere plasseringa av dei anlegga det er søkt om, storleiken og tilpassinga i terrenget. Slike søknader skal bli lagt fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Fjellstyret skal sørge for at regional kulturminnestyresmakt får saker til fråsegn om tiltaket påverkar landskapet eller natur- og kulturmiljøet.

#### Særskilt om vasskraft

§ 25 tredje ledd gjeld òg for oppsetting av installasjonar eller bygningar for produksjon av elektrisk kraft. I rapporten frå arbeidsgruppa som i 2006 vurderte omgrepene "tida og tilhøva" i fjellova, meinte eit fleirtal at utnytting av vassfall i statsallmenningar til produksjon av elektrisk kraft til husbehov for dei som har bruksrett i enkelte tilfelle må kunne vere utøving av bruksrett. Departementet har vurdert dette, men meiner at utnytting av vassfall er eit grunndisponeringstiltak, jf. § 12 i fjellova, der retten ligg til staten som grunneigar. Utnytting av vasskraft er såleis ikkje ein bruksrett. Departementet legg likevel til grunn at det i enkelte tilfelle kan vere rasionelt at til dømes ei seter utnyttar nærliggande vassfall til produksjon av elektrisk kraft, og er kome til at det må vere ei opning for dette ved praktiseringa av forskrifa.

Seterbrukar som ønskjer å utvikle vassfall til produksjon av elektrisk kraft til forsyning av straum til drift av seter, må søkje grunneigar, Statskog SF, om løyve. Søkjar må i tillegg sørge for å få alle nødvendige offentlege løyver og godkjenningar. Statskog SF tek avgjerd etter høyring.

Føresetnaden for at ein seterbrukar skal få utnytte nærliggande vassfall til produksjon av elektrisk kraft må vere at utnytting av vassfallet ikkje er til skade eller ulempe for andre med bruksrett. Statskog SF kan fastsetje ei øvre grense for kva anlegg seterbrukarar kan få byggje, til dømes i form av effekt, levert straum eller liknande.

Om Statskog SF gir løyve skal Statskog SF og seterbrukaren etablere ein alminneleg falleiekontrakt. For mindre anlegg som skal forsyne setre med straum skal Statskog SF ikkje krevje vederlag for leie av fall. For leie av grunn til installasjonar eller bygningar og liknande skal den som leiger svare vederlag for tapt skogproduksjon, etter dei same prinsipp som gjeld for tilleggsjord, jf. kapittel 7 i forskrifa. Føresetnaden er at setra blir nytta i samsvar med dei rammer som er sett for bruk av setra i samband med utvising.

Om det er tale om ei setergrend med fleire seterbrukarar legg departementet til grunn at utnytting av vasskraft normalt skal skje i eit samarbeid mellom dei brukarane som har interesse i slik kraftforsyning. Statskog SF kan stille vilkår om slikt samarbeid.

Om det blir produsert eit overskot av kraft, og det er aktuelt å føre denne til distribusjon, må den som leiger fallet betale vederlag på alminneleg marknadsnivå for produksjon av elektrisk kraft. Slik vederlag tilfell grunneigarfondet.

For vassdrag i ei statsallmenning som ligg slik til at dei kan bli nytta til eige behov for straum på sjølv eide domen med bruksrett, skal Statskog SF og kunne vurdere å gi løyve til ei småskala utnytting. Dette vil ikkje vere ein del av bruksretten. Tilhøva kan likevel vere slik at det er naturleg å vurdere ein søknad, til dømes om fallet ligg naturleg til rette for kraftforsyning til eide domen, og bruken ikkje kjem i konflikt med andre planar for utvikling av fallet. Vilkåra for eit slikt løyve vil vere dei same som for løyve som blir gitt til utnytting av vasskraft til straum i samband med seterdrift. Det er ein absolutt føresetnad at straumen går til drifta av eide domen som jordbruk.

Fjellstyret og Statskog SF skal sørge for at regional kulturminnestyresmakt får saker til fråsegn om tiltak i vassdrag som påverkar landskapet eller natur- og kulturmiljøet.

## Kapittel 9 - Sakshandsaming, tvist og klage

### § 26. Sakshandsaming i fjellstyret

For sakshandsaminga i fjellstyret gjeld føresegne om enkeltvedtak i lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967, òg når vedtaket gjeld alle bruksrettshavarane, jf. § 10 i fjellova.

Møta i fjellstyra skal haldast for opne dører om ikkje noko anna fylgjer av lovbestemt teieplikt.

Fjellstyra skal sende kopi av møteboka for alle avgjerder og vedtak etter fjellova og denne forskriften til Statskog SF. Statskog SF kan gi nærmere retningsliner om praktiseringa av dette.

Vedtak fjellstyret har gjort i medhald av denne forskriften kan bli klaga over til og omgjerast av Statens landbruksforvaltning etter føresegnene i kap. VI i forvaltningslova, med mindre noko anna går fram av den enkelte føresegna.

### **Departementet sine merknader til § 26**

Føresegnene i forvaltningslova gjeld for sakshandsaminga i fjellstyra. Det er ein føresetnad at dei som handsamar saker i fjellstyra har god kjennskap til føresegnene om enkeltvedtak i forvaltningslova. Desse føresegnene gjeld òg for vedtak som gjeld eit ubestemt tal eller ein ubestemt krins av personar, altså eit unnatak frå § 2 første ledd bokstav c. Forvaltningslova har føresegner mellom anna om habilitet, teieplikt, sakshandsaming, førebuing av saker, vedtak og klage. Mangelfull sakshandsaming eller førebuing, eller manglar ved vedtak, kan føre til at vedtaket blir oppheva som ugyldig. Om førehandsvarsling og kunngjering av eller melding om fjellstyrevedtak, gjeld i tillegg forskrift fastsett 8. juni 1983 nr. 1257 med heimel i § 10 i fjellova.

Det er eit mål at offentleg verksemnd skal vere mest mogleg open, og fjellstyra skal halde opne møter.

Sakshandsaminga i fjellstyra er òg omfatta av lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemnd (offentleglova) av 19. mai 2006 nr. 16.

Det er no fastsett mange endringar i forskriften både når det gjeld ansvar og sakshandsaming, som det inntil vidare er ynskjeleg å hauste erfaringar med. Statskog SF bør difor ha kopi av alle avgjerder og vedtak som fjellstyra gjer i medhald av fjellova og denne forskriften, og setje dette i system. Det vil òg gjøre det lettare for Statskog SF å halde ulike oversiktar à jour. Departementet føreset at oversendinga kan skje elektronisk. Statskog SF kan gi nærmere retningsliner om rekkjevidda og praktiseringa av oversendingane.

Når fjellstyret mottek klage på vedtak, og ikkje finn grunn til å gjøre om vedtaket på bakgrunn av klagen, skal klagen og resten av saksdokumenta sendast til Statens landbruksforvaltning via Statskog SF. Det er viktig at alle dokumenta ligg ved saken.

### **§ 27. Twistesaker og skjøn ved seterutvising**

Tvist om vilkåra for å vise ut seter ligg føre, blir avgjort ved skjøn, jf. § 18 fjerde ledd og § 21 fjerde ledd i fjellova.

Krav om skjøn må vere sett fram innan tre veker etter at fjellstyrevedtaket er kunngjort eller det er gitt melding om det etter føresegnene i § 10 i fjellova, jf. § 34 første ledd første punktum i fjellova og § 7 fjerde ledd i denne forskriften.

Når fjellstyret vil krevje skjøn før det blir gjort vedtak, jf. § 34 første ledd siste punktum i fjellova, skal fjellstyret gi Statskog SF varsel på førehand.

### **§ 28. Twistesaker og skjøn ved utvising av tilleggsjord**

Tvist om utvising eller utleige av tilleggsjord som vil føre til vesentleg skade for bruksrettar, blir avgjort ved skjøn. Skjøn må krevjast innan tre veker etter at den som krev skjøn fekk kunnskap om tiltaket eller avtala.

Fjellstyret kan krevje skjøn før det blir gjort vedtak.

## **§ 29. Klage ved utvising av tilleggsjord**

Dei delar av eit vedtak om utvising av tilleggsjord som ikkje blir avgjort ved skjøn, kan bli klaga over til Statens landsbruksforvaltning, jf. § 26 i denne forskrifta.

## **§ 30. Klage på enkeltvedtak gjort av Statskog SF**

Enkeltvedtak gjort av Statskog SF i medhald av denne forskrifta, og som ikkje skal avgjerast ved skjøn, kan bli klaga over til Statens landbruksforvaltning etter føresegnene i kapittel VI i forvaltningslova.

## **§ 31. Innhenting av fråsegn fra regional kulturminnestyresmakt**

Ved handsaming av saker etter denne forskrifta som gjeld tiltak som kan føre til endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap, jf. § 7, § 8, § 10, § 12, § 15, § 16, § 17, § 19, § 24 og § 25, skal regional kulturminnestyresmakt få høve til å gi fråsegn i saka.

Om det er freda kulturminne på setra, må kulturminnestyremaktene alltid høyраст i samband med tiltak, jf. §§ 25 og 28 i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

### **Departementet sine merknader til § 31**

Landbruksstyremaktene har eit sektoransvar for dei kulturhistoriske verdiane i setermiljøa i statsallmenningane, både seterhus, automatisk freda arkeologiske kulturminne og landskapsverdiar. Gjennom forvaltninga av fjelova og forskrifter gitt i medhald av denne har Statskog SF og fjellstyra òg eit slikt sektoransvar. Det er viktig at bruken av utmarka i samanheng med jordbruksdrift både blir historisk dokumentert og halden i hevd for framtida.

Setermiljø omfattar som regel kulturminne som ikkje er freda ved særskilte vedtak. Samarbeidet med kulturminnestyremaktene er viktig for å førebyggje skader på viktige kulturhistoriske verdiar. Endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap kan vere nye hus og anlegg, ombygging og riving av eksisterande bygningar, utvising av ny seter, inngjerding av areal, opsetting av gjetarbu og utvising av tilleggsjord.

Automatisk freda kulturminne omfattar alle kulturminne frå før 1537, erklærte ståande bygg frå perioden 1537-1649 og samiske kulturminne eldre enn 100 år. §§ 3 og 4 i kulturminnelova av 9. juni 1978 nr. 50 gir nærmere føresegner om automatisk freda kulturminne. Kulturhistorisk eller arkitektonisk verdfulle kulturminne som ikkje er automatisk freda, kan fredast ved særskilt vedtak i medhald av kulturminnelova.

## **Kapittel 10 - Avsluttande føresegner**

### **§ 32. Endring av forskrifta**

Landbruks- og matdepartementet kan endre denne forskrifta, og eventuelt gi ytterlegare forskrifter etter § 38 i fjelova.

### **§ 33. Dispensasjon**

Departementet kan i særlege tilfelle dispensere frå føresegnene i denne forskrifta.

### **Departementet sine merknader til § 33**

Departementet meiner det bør vere ei opning for dispensasjon, men meiner samstundes at ei slik føresegns skal praktiserast strengt og nyttast berre i særskilte høve.

## **§ 34. Iverksetjing**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Endringane i forskrifta fastsett av Landbruks- og matdepartementet 26. august 2009 tek til å gjelde frå 1. september 2009.

### **Departementet sine merknader til § 34**

Saker som kom inn til eit fjellstyre eller Statskog SF før dei endringane som tok til å gjelde frå 1. september 2009, skal handsamast etter dei tidlegare føresegnene. Om avgjerda etter dei tidlegare føresegnene blir vesentleg annleis bør søkjaren få høve til å fremje ei ny søknad som kan bli handsama etter dei nye føresegnene.

## **Vedlegg**

# **Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning (FOR 1984-06-22 nr. 1302)**

Fastsett ved kongelig resolusjon av 22. juni 1984 med heimel i lov av 6. juni 1975 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova) – FOR 1984-06-22 nr. 1302 – med seinare endringar – seinast 26. august 2009.

## **Kapittel 1. Innleiande føresegner**

### **§ 1. Formål**

Denne forskrifta har til formål å gi nærmere føresegner for utøving av jordbruksstilknytte bruksrettar og ressursutnyttinga elles i statsallmenningane. Ved praktiseringa av forskrifta skal det leggjast til grunn ein rasjonell bruk av ressursane i statsallmenningane, slik det er naturleg etter tida og tilhøva.

### **§ 2. Verkeområde**

Denne forskrifta gjeld i statsallmenningar som fell inn under § 1 i fjellova.

Rettar i statsallmenningane i kraft av særleg heimel går ikkje inn under denne forskrifta. Det gjeld òg retten til samisk reindrift, jf. føreseggnene i lov om reindrift (reindriftslova) av 15. juni 2007 nr. 40.

### **§ 3. Administrasjon**

Fjellstyra skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenning slik det følgjer av fjellova og denne forskrifta. Dei skal arbeide for å sikre at allmenningen blir brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftslivsinteressene, jf. § 3 andre ledd i fjellova.

Om ein søknad om beite, seter eller tilleggsjord m.m. gjeld område i statsallmenning med produktiv skog skal allmenningstyret alltid vere gitt høve til å uttale seg.

Iverksetjing av grunndisponeringstiltak, under dette tiltak som gjeld vassdrag, kan berre skje etter løyve frå departementet eller den departementet gir fullmakt, jf. § 12 i fjellova og forskrift fastsett 1. juli 1975 om delegasjon av myndigkeit etter fjellova.

## **Kapittel 2. Beite**

### **§ 4. Beiterett**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning har rett til å beite med så stor buskap han kan vinterfø på eigedomen, jf. § 15 første ledd i fjellova. Fjellstyret kan godkjenne at det blir beita med større buskap enn dette, når det kan skje utan skade for andre som har bruksrett, jf. § 15 andre ledd i fjellova.

### **§ 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærmere vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelige vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerala kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde sokjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føreseggnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

## **Kapittel 3. Seter**

### **§ 6. Utvising av seter**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst seter til drift av eigedomen, kan få utvist seter anten aleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. § 18 første ledd og § 21 andre ledd i fjellova. Dette gjeld òg for utviding av seter.

Det er eit krav at behovet for seter blir dokumentert. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

### **§ 7. Søknad og saksgang ved utvising av seter**

Søknad om utvising av seter skal sendast til fjellstyret, som gjer vedtak. Før fjellstyret gjer vedtak, skal saka leggjast fram for Statskog SF og regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

Spørsmål om utvising av seter i område med produktiv skog blir avgjort av fjellstyret og allmenningsstyret i fellesskap. Blir dei to styra ikkje samde, gjeld føreseggnene i § 9 i fjellova.

Gjeld det utvising av seter i område som er reinbeiteområde etter vedtak i medhald av lov om reindrift (reindriftsloven) av 15. juni 2007, § 5, jf. §§ 4 og 8, skal søknaden leggjast fram for områdestyra til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til seterbrukaren om utvisinga.

Statskog SF skal ha kopi av det endelige vedtaket og dokument til seterbrukar.

## **§ 8. Om frist til å ta setra i bruk**

Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jf. § 18 femte ledd i fjellova. Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret sjå til at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadene for utvisinga. Om det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret ved vedtak ta stilling til om retten er falt bort, og gi melding til Statskog SF.

I si melding til Statskog SF må fjellstyret gi sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal førast over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd, eller § 21 første ledd i fjellova. Fjellstyret skal i slike saker innhente fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt.

Statskog SF kan påleggje seterbrukaren å fjerne eventuelle hus, om ikkje utvisinga blir ført over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd eller § 21 første ledd i fjellova, og den nye brukaren tek over husa.

Ved overføring av utvist seter, gjeld føresegne i første, andre og tredje ledd tilsvarende.

## **§ 9. Om når seter skal rekna for å vere i bruk**

Blir setervollen hausta eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedomen som setra ligg til, vil setra vere ” i bruk ” i høve til § 22 i fjellova.

## **Kapittel 4. Hus på utvist seter**

### **§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus**

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

### **§ 11. Om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje er fallen i det fri**

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskriften gjeld tilsvarende.

Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegne i § 10 i denne forskriften.

## **Kapittel 5. Seter fallen i det fri etter § 22 i fjellova**

### **§ 12. Om seter som er fallen i det fri**

Når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre skal fjellstyret gjere vedtak om at retten til setra m.m. er fallen i det fri.

Fjellstyret kan vise ut seter som er fallen i det fri etter § 22 i fjellova, til eideom i drift som treng seter.

Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbruken skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

### **§ 13. Løyve til å ha hus m.m. ståande, bortleige m.m. på seter som er fallen i det fri**

Blir seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til ein annan eideom med bruksrett, kan Statskog SF gi seterbruken løyve i inntil 10 år av gangen til å ha hus eller anlegg ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden om fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under eideomen, og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.

Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett er likestilt med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.

§ 17 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løyve etter første ledd.

Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om verken utvising eller løyve er aktuelt. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

### **§ 14. Tinglysing av rett til å ha hus stående på seter som er fallen i det fri**

Får seterbruken ha husa ståande skriv Statskog SF ut eit eige dokument som blir tinglyst på allmenningen sitt blad i grunnboka. Eigar av eideomen skriv under på eit særskilt dokument som blir tinglyst på bruket sitt blad i grunnboka om at

- a. retten til å ha husa ståande utan vederlag ikkje kan overdragast eller pantsetjast utan saman med eideomen,
- b. kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett ikkje kan stiftast om ikkje retten er stifta for ei tid mindre enn 10 år utan rett for brukaren til å krevje forlenging eller fornying av kontrakten,
- c. dokumentet berre kan slettast med godkjenning frå Statskog SF.

### **§ 15. Nybygging og ombygging av hus på seter som er fallen i det fri**

Statskog SF tek etter samråd med fjellstyret avgjerd med omsyn til løyve til nybygging/ombygging o.l.

Før Statskog SF tek avgjerd skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

## **Kapittel 6. Bortfall av seterrett m.m.**

### **§ 16. Bortfall av seterrett**

Når seterretten fell bort fordi drifta på eigedomen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedomen som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- a. at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. §§ 6 og 7, eller
- b. at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om feste av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller
- c. at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

Blir setra vist ut til ein annan eigedom, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.

Før fjellstyret tek avgjerd om fjerning av hus etter første ledd bokstav c eller andre ledd, skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

### **§ 17. Oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsformål**

Ved oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsformål, kan det takast inn særlege restriksjonar med omsyn til restaurering, utviding og endring av seterhusa når dette er nødvendig på grunn av kvaliteten på husa, plassen der dei ligg, og tilhøve til eventuell anna seter med hus og seterdrift. I slike tilfelle skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

Sjølv om festet gjeld fleire hus, skal ein nytte punktfeste (kontrakt om feste berre av grunnen huset eller husa dekkjer). Husa må vere av ein slik standard at dei kan tene formålet, og nødvendige påkostnader må stå i eit rimeleg høve til verdien av husa.

### **§ 18. Overdraging av seterhus til fritidsformål**

Om seterbrukaren overdreg seterhus til fritidsformål, må han overdra alle husa utan å halde noko attende.

Elles gjeld føresegne i tomtefestelova ved overføring av festerett til seterhus.

## **Kapittel 7. Utvising og utleige av tilleggsjord**

### **§ 19. Om planer for utvising og utleige av tilleggsjord**

Utvising eller bortleige av tilleggsjord skal i størst mogleg utstrekning skje etter planar utarbeidd for større samanhengande område, eller knytt til eksisterande seter eller tilleggsjord.

Formålet med planarbeidet skal vere å finne fram til område som kan bli omdisponert til tilleggsjord. I planarbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk av jorda som til dømes skogbruk, jakt og vilt, friluftsliv, landskapsvern, og eventuelle andre omsyn.

Statskog SF skal utarbeide planane i samarbeid med fjellstyret og kommunen, og skal leggje dei fram for Fylkesmannen, regional kulturminnestyresmakt og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reindriftsområde etter reindriftslova, for fråsegn.

## **§ 20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbete som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrkning i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrkning.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbete som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

## **§ 21. Leige av jord for jordbrukar utan beiterett**

Jordbrukar utan beiterett i statsallmenningen kan få leige jord om beiterettshavarane ikkje søker om å få jorda utvist, jf. § 21 tredje ledd første punktum i fjellova.

Søknad om utvising av leigejord til jordbrukar utan beiterett skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrkning i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrkning.

Fjellstyret gjer vedtak om utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett.

Dei nærmare vilkåra for utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett skal fastsetjast i avtale, og Statskog SF skal ha melding om vedtaket og ein kopi av avtalen.

## **§ 22. Vederlag for utvising av tilleggsjord**

Utvising av tilleggsjord til beiterettshavar skal skje utan vederlag, men gjeld utvisinga produktivt skogareal, skal beiterettshavaren yte vederlag svarande til tapt skogproduksjon. Slikt vederlag skal òg ytast ved utleige til jordbrukar utan beiterett, og kjem i tillegg til vederlag (leige) som blir fastsett for bruken, jf. § 21 fjerde ledd tredje punktum i fjellova.

Vederlaget skal ytast som årleg avgift fastsett av Statskog SF lokalt og tilkjem Statskog SF når det gjeld statsallmenningar utan fond og allmenningsfondet når det gjeld statsallmenning med fond.

Om vederlaget blir så lite at det ikkje er praktisk med deling i årlege terminar, kan det krevjast gjort opp ein gong for alle.

## **§ 23. Om frist til å ta tilleggsjord i bruk**

Den som har fått utvist tilleggsjord må ta jorda i bruk innan 5 år, jf. § 19 andre ledd i fjellova. Om ikkje tilleggsjorda er teken i bruk etter 5 år fell ho automatisk tilbake til allmenningen. Fjellstyret skal gi melding til den som har fått utvist jorda, og til Statskog SF, om bortfallet av utvisinga.

## **Kapittel 8. Hus og anlegg**

### **§ 24. Endring og ominnreiing av eksisterande hus**

Med godkjenning frå Statskog SF og fjellstyret kan brukaren byggje om eller ominnrei uthus til bustad eller for utleige når det ikkje er aktuelt å ta opp att bruken av husa til seterformål, og endringa av bruken ikkje vil vere ei hindring for seterdrifta på denne eller andre setre. Det skal opprettast ei særskild avtale om avgift, som Statskog SF fastset.

Uthusa er ein del av dei andre husa på setra, og kan ikkje skiljast frå.

Før Statskog SF og fjellstyret gir godkjenning etter første ledd skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

### **§ 25. Oppføring av nye hus og anlegg m.m.**

Når det er nødvendig for drift av utvist tilleggsjord eller for utøving av anna beitebruk enn setring, eller når det er gitt løyve til utnytting av andre ressursar som krev bygningsmasse, kan brukaren få føre opp, endre eller utvide hus, driftsbygningar og anlegg etter retningslinene i andre, tredje og fjerde ledd.

Fjellstyret kan gi jordbrukar som har fått utvist seter eller tilleggsjord rett til areal til gjødselkum om drifta krev det. Fjellstyret kan òg gi brukarar som samarbeider i felles drift rett til tomt til felles driftsbygning.

Statskog SF kan gi løyve til utnytting av andre ressursar enn beite og tilleggsjord, og kan gi løyve til oppføring av nødvendige hus og anlegg i samanheng med dette.

Fjellstyret og Statskog SF skal setje vilkår for bruken av hus og anlegg, fjerning ved opphør av bruk m.v.

## **Kapittel 9. Sakshandsaming, tvist og klage**

### **§ 26. Sakshandsaming i fjellstyret**

For sakshandsaminga i fjellstyret gjeld føresegne om enkeltvedtak i lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967, òg når vedtaket gjeld alle bruksrettshavarane, jf. § 10 i fjellova.

Møta i fjellstyra skal haldast for opne dører om ikkje noko anna fylgjer av lovbestemt teieplikt.

Fjellstyra skal sende kopi av møteboka for alle avgjerder og vedtak etter fjellova og denne forskriften til Statskog SF. Statskog SF kan gi nærmere retningslinjer om praktiseringa av dette.

Vedtak fjellstyret har gjort i medhald av denne forskriften kan bli klaga over til og omgjerast av Statens landbruksforvaltning etter føresegnehenvise i kap. VI i forvaltningslova, med mindre noko anna går fram av den enkelte føresegna.

## **§ 27.      Twistesaker og skjøn ved seterutvising**

Tvist om vilkåra for å vise ut seter ligg føre, blir avgjort ved skjøn, jf. § 18 fjerde ledd og § 21 fjerde ledd i fjellova.

Krav om skjøn må vere sett fram innan tre veker etter at fjellstyrevedtaket er kunngjort eller det er gitt melding om det etter føresegnehenvise i § 10 i fjellova, jf. § 34 første ledd første punktum i fjellova og § 7 fjerde ledd i denne forskriften.

Når fjellstyret vil krevje skjøn før det blir gjort vedtak, jf. § 34 første ledd siste punktum i fjellova, skal fjellstyret gi Statskog SF varsle på førehand.

## **§ 28.      Twistesaker og skjøn ved utvising av tilleggsjord**

Tvist om utvising eller utleige av tilleggsjord som vil føre til vesentleg skade for bruksrettar, blir avgjort ved skjøn. Skjøn må krevjast innan tre veker etter at den som krev skjøn fekk kunnskap om tiltaket eller avtala.

Fjellstyret kan krevje skjøn før det blir gjort vedtak.

## **§ 29.      Klage ved utvising av tilleggsjord**

Dei delar av eit vedtak om utvising av tilleggsjord som ikkje blir avgjort ved skjøn, kan bli klaga over til Statens landsbruksforvaltning, jf. § 26 i denne forskriften.

## **§ 30.      Klage på enkeltvedtak gjort av Statskog SF**

Enkeltvedtak gjort av Statskog SF i medhald av denne forskriften, og som ikkje skal avgjerast ved skjøn, kan bli klaga over til Statens landbruksforvaltning etter føresegnehenvise i kapittel VI i forvaltningslova.

## **§ 31.      Innhenting av fråsegn frå regional kulturminnestyremakt**

Ved handsaming av saker etter denne forskriften som gjeld tiltak som kan føre til endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap, jf. § 7, § 8, § 10, § 12, § 15, § 16, § 17, § 19, § 24 og § 25, skal regional kulturminnestyremakt få høve til å gi fråsegn i saka.

Om det er freda kulturminne på setra, må kulturminnestyremaktene alltid høyrast i samband med tiltak, jf. §§ 25 og 28 i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## **Kapittel 10. Avsluttande føresegner**

### **§ 32. Endring av forskrifa**

Landbruks- og matdepartementet kan endre denne forskrifta, og eventuelt gi ytterlegare forskrifter etter § 38 i fjellova.

### **§ 33. Dispensasjon**

Departementet kan i særlege tilfelle dispensere frå føreseggnene i denne forskrifta.

### **§ 34. Iverksetjing**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Endringane i forskrifta fastsett av Landbruks- og matdepartementet 26. august 2009 tek til å gjelde frå 1. september 2009.